

Fordjuping

Fordjuping er eit tilbod til spesielt interesserte og motiverte kulturskuleelevar, til elevar som vil noko meir og som evnar å arbeide sjølvstendig, er i alderen 13-19 år og som er elev i ein kulturskule i regionen. Du får ein sosial og fagleg møteplass med andre som har same interesse.

Fordjupingstilbodet skal fungere som ei forlenging av det vanlege tilbodet du har i kulturskulen din, og kan vere ei førebuing for dei som ynskjer å søke vidare til høgare utdanning innan faget.

Det vert stilt større krav til engasjement og fysisk oppmøte ved deltaking i eit fordjupingsprogram samanlikna med ordinær undervisning. Og det vert forventa heimearbeid/øving mellom samlingane.

Samlingane vil vere på Sunnfjord kulturskule (bak Førdehuset) i Førde. Det kan bli aktuelt å flytte stad, avhengig av kva og kven vi skal samarbeide med.

Fordjuping – visuell kunst

Tilbodet har 8 elevplassar. Det er 3-4 samlingar i semesteret, laurdagar mellom kl. 11 og 17.

Alder 13-19 år (ungdomsskule/vidaregåande).

Elevane får undervisning av ulike profesjonelle kunstnarar innafor deira spesialfelt.

Tilbodet har 8 elevplassar.

Sidan 2023 har vi hatt besøk av kunstnarar og vore på besøk til kunstnarar, der vi mellom anna har jobba med teikning, måling, skulptur, keramikk, collage, tekstil, arkitektur, akvarell, silketrykk, glasblåsing, dreining av leire, oljemåling, maskinstrikking og gatekunst. Vi har vore på utflukter til Sandane, Balestrand og Bergen og vi har besøkt utstillingar og utdanningsinstitusjonar i Bergen.

Vi har god erfaring med dette kunsttilbodet, og om du lurar på kven og kva vi har jobba med, så finn du meir om dette her:

<https://sunnfjord.kommune.no/tenester/kultur-idrett-og-friluftsliv/kulturskulen/undervisningstilbod/fordjuping-ung-vestland/visuell-kunst-sunnfjord-forde/tidlegare-ar-fordjuping-visuell-kunst/>

Har du lyst å søke fordjuping? Då gjer du slik:

- fyll ut påmeldingsskjemaet
 - skriv nokre linjer i skjemaet om kven du er, kva læraren din heiter og om kvifor du ynskjer å delta på tilbodet.
 - vi ønskjer å sjå nokre teikningar frå deg. Snakk med læraren din om dette.
 - frist for å søke fordjuping visuell kunst er 1. juni
 - Pris pr. semester kr. 550,-
- Velkomen som søker!

Har du spørsmål? Ta gjerne kontakt:

Ingjerd Monsen Hjelmeland
koordinator fordjuping visuell kunst
Tlf: 99230970
E-post: ingjerd.monsen.hjelmeland@sunnfjord.kommune.no

Trude Skarvatun
Ansvarleg for fordjupingstilbodet
Tlf: +4741505970
Epost: kulturskulen@sunnfjord.kommune.no



Visuell kunst

2026-2027